

Hordaland Sau og Geit



Referat frå styremøte HSG 30092010

Møte vart halde på Nortura Eidsvåg i tida kl.0930-14.00

Tilstades : Nils Inge Hitland, Svein Misje, Reidar Kallestad, Anders Konglevoll og Egil Øvstebø.

Ref. Knut Sygnestveit.

Birgitta Vedøy, får fritak som styremedlem i HSG. Egil Øvstebø går inn som fast medlem.

Sak.1. Godkjenning av referat frå sist møte og innkalling.

Innkalling og referat godkjent uten merknad.

Sak.2. Orienteringssaker. Leiar orienterte frå Rådsmøte i Samarbeidsrådet og årsmøte for P/L Vestlandsk Landbruk. Når no VL er borte vert heimesida til HSG viktig. I tillegg vert det viktig å oppdatere E.post.adr. til lokallaga.

Seminkurs. Det er påmeldt 16 på Voss, 19. okt vidare vert det eit kurs i Bergen og i Sandeid. Det vert sendt ut påmelding til desse kursa til lokallaga med påmelding til 8. okt. G. Helgesen Nortura, sender dette ut. HSG gjev eit tilskot på kr. 1000. til alle deltakarar under 25 år.

Sak.3. Leiar møte. Steinar Løland skal snakke om avlsarbeid. Dette møte vert halde på Thon Hotell Bergen Airport fred. 29. okt. i samband med Agro Hordaland. Leiar sender ut oppmoding til lokallaga om å delta. Frist. 8. okt. Leiar tek og direkte kontakt med Even Øyri for å endra programmet som FM har sett opp for Agro Hordaland. HSG ynskjer meir fokus på att det dreiar seg om matproduksjon. Ein vil freista å få Åse Vaag til å stilla frå FM.

Vidare vil ein ha ei orientering frå Beiteutvalet.

Det vert lagt opp til eit kort gruppearbeid med tema : *Korleis auka aktiviteten i lokallaga.*

Sak.5. Representantskapsmøte i NSG 20-21. okt. på Gardermoen. Ein vil her ta opp dei problema det no er for mange : Flått og flugeproblem, som tek livet av altfor mange sau / lam. Vidare vert det arbeidt me å skape alliansepartar til å snakke positivt om næringa.

Sak.6. Geit i vekst. Det vert teke kontakt med Steinar Århus om han kan møte på dette i Førde. Om ikkje deltek leiar.

Sak.7. Kandidatar til Antons Mindes Ærespris for god drift. HSG gjer framlegg om desse : Torleiv Håbrekke, 5630 Strandebarm og Kjell Aardal, Bratland 5228 Haukeland.

Sak 8. Årsmøte i HSG 25 og 26 febr. Sekretær hentar inn tilbod / pris på Hotell Solstrand, Park Hotell Voss og Fleischers Voss. Møte byrjar fred. etetr lunsj. Festmiddag fred. kveld, frukost og lunsj, avslutning med heimreise kl. 16.00

Sak 9. Neste styremøte Neste styremøte vert telefonstyremøte onsdag 27. oktober kl 20.00 – 22.00.

Ymse saker som vart diskutert : Brev til avlsutvalet med oppmoding til å rekruttera nye sauedommarar.

Vidare ber ein dei om att det vert arbeidt ut ein mal for felles søknad om å halde kåringsjå, der avlsutvalet sender felles søknad til Mattilsynet.

Sekretær prøver å få til ein tur til eit sauebruk i Sogn , der det vert overnatting med jolebord på eit hotell. Det vert om lag midt i des.

Møet slutt.Kl.14.05. Knut Sygnestveit,ref.